

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
082/2018	Formannskapet i Radøy	PS	22.11.2018
043/2018	Kommunestyret i Radøy	PS	13.12.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Bente Kopperdal Hervik	18/2476	18/15623

Revidering av retningsliner for kulturmidlar

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Kommunestyret vedtok i møte 21. september 2016 sak 041/216 nye retningsliner for fordeling av kulturmidlar i Radøy kommune. Erfaringar frå desse to åra med dei nye retningslinene gjer at rådmannen ynskjer ei mindre revidering av retningslinene.

Rådmannen la reviderte retningsliner for kulturmidlar ut på høyring 8. oktober med høyringsfrist 5. november.

Vurdering

Kulturmidlane for Radøy kommune omfattar følgjande ordningar: driftsmidlar til lag og organisasjonar, tilskot til mindre investeringar i kulturbygg og –anlegg, aktivitets- og prosjekttilskot, leiaropplæring, tilskot til idrettsanlegg og støtte til utøvarar på nasjonalt og internasjonalt nivå.

Erfaringane frå dei to åra med dei nye retningslinene er at det kjem inn få søknader om prosjekt- og aktivitetsstøtte som oppfyller krava i retningslinene. Denne ordninga har også ein løpande søknadsfrist som fører til at søknadene vert vurderte kvar for seg, noko som gjer det vanskeleg både for sakshandsamar og råda som skal koma med uttale til søknadene. Søknadsfrist gjennom heile året gjer det også vanskeleg å fordela midlar utover eit heilt år. Det er grunn til å tru at ved å innføra to faste søknadsfristar for denne ordninga, vil ein få fleire søknader og ha eit betre vurderingsgrunnlag både for administrasjonen og for råda som skal gje uttale.

Det er også behov for ei presisering når det gjeld tilskot til leiaropplæring. I retningslinene står det ikkje noko om storleik på tilskotet. Rådmannen har - i samråd med idrettsrådet, musikkrådet og ungdomsrådet som har gjeve uttale til søknadene – praktisert at det vert gjeve inntil 50 % støtte til leiaropplæring, men maks 1500 kroner per person per år. Rådmannen ynskjer at denne presiseringa vert tatt inn i retningslinene.

På bakgrunn av desse endringsforslaga er det også naudsynt å gjera nokre endringar i retningslinene under punkt 6. «Sakshandsaming». Rådmannen foreslår at ordninga aktivitets- og prosjekttilskot skal endeleg handsamast i formannskapet etter innstilling frå rådmannen og etter at sakene har vore på høyring hjå idrettsrådet, musikkrådet og ungdomsrådet.

Alle forslag til endringar er markerte med raud skrift i utkast til reviderte retningsliner.

Det kom inn innspel frå musikkrådet og idrettsrådet i samband med høyringa. Begge støttar

rådmannen sitt framlegg til revidering av retningsliner for aktivitets- og prosjektstøtte og leiaropplæringsmidlar.

Konklusjon

Kommunestyret vedtok nye retningsliner for kulturmidlar i 2016. Erfaringar frå dei to åra som har gått sidan den gongen viser eit behov for ei mindre revidering av retningslinene. Rådmannen meiner ein bør innføra to faste søknadsfristar for ordninga aktivitets-og prosjektstøtte og ei presisering av storleiken på tilskotet i samband med ordninga for leiaropplæring.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utkast til reviderte retningsliner for kulturmidlar vert vedtatt slik dei ligg føre.

Formannskapet i Radøy - 082/2018

FS - handsaming:

Kulturrådgjevar Bente K. Hervik orienterte om framlegg til reviderte retningsliner for kulturmidlar.

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

Utkast til reviderte retningsliner for kulturmidlar vert vedtatt slik dei ligg føre.

Kommunestyret i Radøy - 043/2018

KS - handsaming:

Kommunestyret vedtok formannskapet si tilråding.

KS - vedtak:

Utkast til reviderte retningsliner for kulturmidlar vert vedtatt slik dei ligg føre.

Vedlegg:

Revidering av Retningsliner for kulturmidlar i Radøy kommune 2018 - etter høyring

Høyring om revidering av tildeling av kulturmidlar - uttale

Uttale frå Radøy idrettsråd

Driftsmidlar til lag og organisasjonar 2018 - andre

Driftsmidlar til lag og organisasjonar 2018 - idrett

Driftsmidlar til lag og organisasjonar 2018 - musikk

Mindre kostnadskrevjande tiltak på kulturbygg 2018

Aktivitets og prosjektstøtte 2018

Leiaropplæring 2018